

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[**790**] N-23450 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 22; 1988c: 49, 60; 1989: 90, 92; 1990b: 18, 21; Sannes Johnsen 1981: 121; Seim 1991b: 26f; Christophersen 1998: 27).

Innskrifta finst på eit eigarmerke av tre. Det er 89 mm langt, 18 x 9 mm i tverrsnitt i breiaste enden - noko smalare og med hakk for feste ut mot den enden som ikkje ber innskrift. Funnet vart gjort i feltet FA i 1974 i hovudfase 8. Det tilseier datering av funnkonteksten til tida mellom ca. 1225 og 1275. Innskrifta står på den eine av breisidene og tek til i den breie enden av merket. Ho er 25 mm lang. Høgda på runene tilsvarar der breidda av merket, dvs. at dei er 17-18 mm høge. R. 1 (**h**) er rissa litt raskt slik at kvistane kryssar kvarandre ved sida av staven (jf. ill.). R. 4 (**r**) har open boge. Det er ingen tvil om lese måten på noko punkt.

* ǀ ǀ R ǀ

h a l r a

Hallr á. 'Hall eig'.

Innskrifta inneheld den vanlegaste eigarformularen på slike merke. Mannsnamnet *Hallr* er av dei namna som hos Lind står fram som typisk islandske i mellomalderen. Det synest å ha vore vanleg på Island heilt frå landnámstida. I Noreg har det derimot vore "föga brukeligt" seier Lind (1905-15: 470). Eldste belegg frå Noreg har han frå Verdal 1313, elles er det ein del belegg frå første halvdel av 1300-talet.